

Utgjeve av Jølster Mållag

1994 – 11. ÅRG.

Mitt tre

*I still kveld
og i mildt lys
står mitt tre
med blom ved rot.
- Og fugl
syng fløytande tone.*

*I still kveld
og i kjøleg luft
står mitt tre
med lauv ved rot.
- Og vind
stryk lint gjennom krune.*

*I klår morgon
og i luft fylt av solskin
står mitt tre
med dogg ved rot
medan fugl
syng fløytande tone.*



*Tekst og teikning
Elsa Norunn Håheim Nydal*

Jølster mållag

Styret 1994
Kåre Lien, leiar
Steinar Dvergsdal, nestleiar
Ann Elena Vie Stadheim, kasserar
Edgar Holen, skrivar
Åge Førde
Hilde Yndestad Halland

Du er hjarteleg velkomen til å bli medlem i mållaget!

Adressa er:
Jølster Mållag
Ann Elena Vie Stadheim
6840 VASSENDEN

Medlemskontingenten for 1995 er 190 kroner. Familiemedlemmer 130 kroner.

Av innbaldet:

	side
Skryklingen – mellom Jølster og Haukedalen.....	4
Litt om målgrenser i jølstramålet.....	7
Den store og siste bjørnejakta i indre Svidal for godt 100 år sidan.....	9
Førde – eit gammalt trafikksentrum i Jølster.....	11
Framsynt jølstring.....	13
Da va hellegt, kounjnje.....	14
Antonetta Helgheim – ei trufast og god jordmor for Jølster.....	15
Sunnfjordingar på folklorefestival i Latvia.....	16
Dei – og eg.....	18
Eventyret om korleis Gunnar og dei gode hjelparane gjorde Jølster kjent.....	19
Eit lite handtrykk med Vietnam.....	21
Jølster 1 KFUK.....	24
Barnesider.....	26
Jølstringane meiner.....	29



Styret i Jølster Mållag 1994. Frå venstre: Åge Førde, Hilde Yndestad Halland, Kåre Lien, Edgar Holen, Ann Elena Vie Stadheim og Steinar Dvergsdal.

Bladet Jølst, bokdagen og diktning frå Jølster

Dette er den ellefte utgåva av bladet Jølst. Vi held fram med artiklar om ferdsselsvegar mellom Jølster og bygdene som grensar til Jølster kommune. Vidare kan vi presentere mange skribentar som ikkje tidlegare har skriva i Jølst. Men profilen på bladet skulle vere kjend: Tekstar med lokalhistorisk innhald, skjønnlitterære tekstar, reisebrev frå utlandet, dikt og illustrasjonar. Styret i Jølster Mållag har alltid vore glade for at folk tek så godt i mot bladet. Dette gjev inspirasjon til å halde fram med arbeidet.

Den årlege bokdagen vart halden på Skei 15. oktober. Som alltid kom Bjarne Huus med bokutstilling som viste breidda og mangfaldet i den nynorske bokhausten. Skeivasskoret deltok med nydeleg korsong, Linerla 4H hadde sketsjar og dikt på programmet og forfattaren Jon Tolaas káserte om draum og draumeforskning. På bokdagen delte Jølster Mållag ut målrospris til Vikens Vevstove, for medviten bruk av nynorsk i reklamemateriell.


Jølster Mållag har i nokre år jobba med eit større prosjekt: Diktning frå Jølster. Responsen på dette prosjektet har vore overveldande. Av fleire hundre tekstar har styret plukka ein fin bukett spanande diktning, og planen er at dette skal kome i bokform våren 1995. Vi kan love ei bok som ikkje berre inneheld fin diktning, men som og inneheld mange tekstar av stor lokalhistorisk verdi. Ta godt imot bokseljarane når dei dukkar opp ut på vårparten!

Styret i Jølster Mållag v/Kåre Lien

Skryklingen

– mellom Jølster og Haukedalen

Tekst og foto av Kåre Lien



Skryklingsdalen

Gamal ferdselsveg

Skryklingen er fjellovergangen og skaret mellom Jølster og Haukedalen. Frå Jølster går ein opp frå Myklebust, passerer Skryklingestøylen og går innover den nokså flate dalbotnen før stigninga til vatnet. Fjellvatnet Skryklingen ligg på 864 m.o.h. og kan berre passerast på venstre eller austre side når ein kjem frå Jølster. På vestsida ligg ei uframkommeleg snøfonn. Frå vatnet renn Skryklingselva ned mot Gjerlandsdalen i Haukedalen.

Over fjellet her har folk teke seg fram frå gamal tid. Så langt tilbake det har budd folk på Myklebust og i Haukedalen har dei nytta denne ferdselsvegen. Og han var i vanleg bruk til krigens slutt i 1945.

Vegen var mest i bruk sommarstid. Men Ingolv Myklebust i Sandalen kan fortelje at far hans køyrde med hest og slede på skaren gjennom Skryklingen. Om vintrane var det greitt å kome fram på Jølstrasida, men verre på Haukedalssida. Hestehandlar Johannes Sunde skal og ha køyrt gjennom Skryklingen med hest og slede.

Fedriftsveg

Det er nærliggjande å tenkje på driftekarane når vi går desse gamle ferdselsvegane i bygdene våre. Og det er rett nok. Driftekarane kjøpte opp krøter i fleire bygder, og dreiv flokkane gjennom Skryklingen. Driftene gjekk kvart år, heilt til ein hammar rasa ut oppe i

skaret og sette ein stoppar for den trafikken. Det vart ikkje framkommeleg lenger for driftekarane med kløvhestar og krøterflokkar. Men namnet Hestebotnskora på austsida av vatnet er eit minne om denne tida.

Trafikken er dokumentert i Albert Joleik si bok «Soga um Jølst». Han skriv: «Og so var da fedriftsveg yver Skryklingjinn, til Haukedalen – Eldalen – Sværefjorden – Vetlefjorden.»

Frå gamalt av var Kjøsnes ferjestad, til å «overføre de Hæster og qvæg som oplendinger og andre østerlandske baade i Nordfiord og paa Jølster sig tilforhandler.»

Folk på Kjøsnes hadde difor kjøpt seg store båtar, og frakta dei gjennom to og tre prestegjeld og «over field og daler med Hæster og folk». Men endå dvergdsalingane budde «een fierding vej fra den almindelige Passagie» (Skryklingen), fekk dei seg båt – til føring i godver! Men dei let Kjøsnes ta seg av føringa når det var dårleg ver i tre-fire dagar, og bølingane vart liggjande på nordsida og snaugnage beita til bøndene på Kjøsnes. Albert Joleik skriv: «Fekk dvergdsalingane halde på soleis, vart dei dyre Kjøsnes-båtane liggjande unytta.»

Saka vart teken opp på tinget, og det vart stadfesta at Kjøsnes var gamal ferjestad, og striden om føringa tok såleis slutt.

Andre brukarar

Det var ikkje berre krøterdrifter som vart tekne over fjellet. Vi har ikkje tal på alle dei smågriser som vart borne over, frå Haukedalen til Jølster og frå Jølster til Haukedalen.

Kramkarar kom og denne vegen. Den vide flata før oppstigninga til vatnet vert kalla Velljene, og oppstigninga heiter Krambubakkane. Ved dei store steinane på Velljene skal kramkarane ha hatt ei lita bu. Ja, det hende nok at driftekarane og tok natta der. Kanskje har ein og annan friar sett seg inn i bua for å tenkje seg om før han rusla vidare mot uvisst svar på ærendet sitt.

Det var fleire giftarmål mellom Jølster og Haukedalen, og den tid det var mange budeier på Åsstøylen, kom gutar over frå Haukedalen med trekkspel og godt humør. Ja, det vert fortalt om ein mann frå Sandalen med uvanleg pene døtre, dei var fine som rosemåla ting. Far og døtre var eingong på veg til Haukedalen, og det vart lagt merke til. «Ja, no fer han til Haukedalen med målartryk», vart det spøka med i bygda.

I 1941 var det skirenn på Gotdalsstøylen, med langrenn i Ålhusdalen og hopprenn inne på støylen. Då kom skiløparar frå Haukedalen for å delta i konkurransen. Og jenter frå Myklebust for ut til Ålhus og opp i dalen for å sjå på. Kjekt hadde det vore! Det hende og fleire gonger at ungdommar frå Jølster for over til Haukedalen for å delta på skistemne der.

Ei god historie frå riktig gamle dagar, men som knapt kan dokumenterast, fortel om mangt slags pakk som kom gjennom dalen. Og dei samla seg i skogane på Myklebust. Så ille skal det ha vore at grunneigarane såg seg nøydde til å setje fyr på noko av skogen for å skræme dei bort, og då tok dei visst hintet og forsvann.


Skryklingestemnet

I åra før krigen vart det arrangert stemne på fjellet. Stemnedagen var andre søndagen i august, og ein veksle mellom å ha stemnet på Haukedalssida og Jølstrasida av vatnet. Det var eit flott stemne med tale og kaffiservering og det varte til ut på ettermiddagen. Alltid var der mykje folk.

Ungdomslaga stod bak desse stemna som tok slutt då krigen kom. Ein gong braut det ut eit forferdeleg uver då folk skulle på heimveg, med eit uhyggjeleg torever og regnskyll. Det var nett så vidt dei kom seg i ly på Skryklingestøylen, minnest ein av stemnedeltakarane som og hugsar at ho hadde reine, kvite tøysko som ho tok av seg for å spare dei. Og ho hugsar at grøvene voks fort opp og at dei vart vanskelege å hoppe over.

Bjørn Åsen var med på stemne på Haukedalssida då ho var seks år gamal, og var på mange stemne seinare. Ho fortel at dei hadde ein triveleg skikk med gjestetbod på støylen etter stemnet. Då bad dei slekt og vener inn på rømmekolle og koseleg prat før dei gjekk kvar til sitt.

Stien aust for Skryklingen kunne vere farleg å gå. Anna Ness som no er busett i Haukedalen, men voks



Velljene under Krambubakkane.

opp på Myklebust fortel:

«Eg hugsar ein gong eg var fem år. Vi var på veg til slekta i Haukedalen. Mor mi hadde gard i Jølster, medan far kom frå gard i Haukedalen. Ved Skryklingen måtte vi over ei snøfonna. Eg leidde mor, medan far bar systera mi som var to år. Der for far og systera mi gjennom fonna. Det var ope under og nokså djupt ned. Heldigvis gjekk det bra, men eg hugsar støkken endå.

Jau, vi gjekk ofte til Haukedalen. Jonsok feira vi alltid der. Haukedølingane hadde ein flåte ute på vatnet, og på flåten stod ei brennande tjæretønne. Ja, det var eit flott syn.» Vidare var det fleire jølstringar som gjekk over fjellet for å feire Mikkelmesse i Haukedalen.

Eingong skjedde ei drukkingsulukke i Skryklingen. Personen som omkom hadde kniv med messingslire i beltet, og då dei sokna etter han såg nokon det blenkte i vatnet. Såleis vart han funnen.

Stien kunne vere farleg for dyr og. Ein hest som var kjøpt i Jølster for eingong opp på fonna på vestsida av vatnet, glei utfor og strauk med. Fonna vart heitande Hestefonna.

Ivavarden

Ei litt dramatisk sagn knyter seg til denne varden. Eit fylgje med reisande, eller splintar som ein gjerne sa før i tida, kom frå Haukedalen der dei ikkje hadde fått husrom. Dei hadde med seg ein gut som var sjuk.



Fjellvatnet Skryklingen 864 m.o.b.

Oppe i Skryklingen døydde guten og vart gravlagd der. To steinar, Ivavarden, viser kvar Ivar fekk grava si.

God kontakt.

Mellom Jølster og Haukedalen har det alltid vore god kontakt. Folket var godt kjende, og likte seg i kvarandre sitt selskap.

Jenny Myklebust fortel om den fine skikken dei hadde med turar til Haukedalen. Om haustane gjekk ein ungdomsflokk på ti-tolv stykke på vitjing til ungdommane i Haukedalen. Dei overnatta der, og desse turane var veldig kjekke. Og ungdommane frå Haukedalen gjorde ein tilsvarande tur same hausten.

Jenny Myklebust er no 93 år, men minnest godt desse opplevingane kring 1920.

På vitjing hjå Astrup

Ei artig historie knyter seg til det fløyelsaktige moseteppet i nordenden av vatnet. Folk skreiv gjerne namna sine i mosen, og fordi mosen voks så seint, vart namna ståande. Angell Solheim, målarmeister og kunstmålar frå Solheim i Viksdalen, fortel at han skreiv namnet sitt i mosen i 1925. Då var det tydelege namnetrekk frå 1874!

Angell Solheim har gått mange turar frå Viksdalen til Sandalstrand for å prate med Nikolai Astrup. Det vart gjerne to-tre turar for sommaren, og han gjekk fram og tilbake same dagen.

Solheim hadde med seg arbeid i sekken, teikningar og mindre måleri, og fekk rettleiing og tips frå

Astrup. Astrup var flink til å ta seg av ungdommen, seier Solheim, og han sjølv fekk mange gode og nyttige tips. Gode råd om fargebruk, om ulike typar tube-fargar og ikkje minst om oppbyggjinga av eit bilete.

For Angell Solheim er besøka hjå Astrup svært gode minne. Han minnest ein gjestfri heim, bord med god mat på heimevoven duk, og Astrup sjølv som ein beskjeden og hyggeleg mann.

Flott tur

Turen over Skryklingen er ein skikkeleg flott tur. Frå Jølster til Haukedalen treng ein tre-fire timar, alt etter om ein startar nede ved hovudvegen eller køyrer bilvegen til sørom Skrøklingsøylen.

Forbi vatnet skal ein vere forsiktig. Det går godt an å prøve fiskelukka, for kring 1930 vart det sett ut fisk. Gyteforholda er ikkje av dei beste, men vi veit at der er teken stor og fin ørret. Iallfall kan ein ta eit kaffi-kok ved vasskanten og tenkje på driftekarane sine farefulle reiser, budeiene sin glade lått når dei hørde haukedølingar i bjørkeskogen eller filosofere litt over om det ikkje kunne vore kjekt å teke opp att den tri-velege skikken med fjellstemne.

I Jølster er mange spanande og fasinierende turruter, og ein fottur over Skryklingen er avgjort ei av dei.

Munnlege kjelder:

Anna Ness, Angell Solheim, Bjørg Åsen, Jenny Myklebust og Ingolv Myklebust

Skriftlege kjelder: Albert Joleik: Soga um Jølst.

Litt om målgrenser i jølstramålet

Av Daniel H. Dvergsdal

Gamalt jølstramål høyrer til dei nordlege e-mål, og det er stort sett einsarta. Eg tenkjer på slike ting som e-ending i infinitiv og ubundne hokjønnsord (å lese, ei veke), mjuk uttale (palatalisering) i ord som alijje, spinjnje, Toliljev, kvenjnj, dativ i bunden form av substantiv, på 'gara, i 'buenje, i husa, i husá. Likevel er jølstringane sjølve merksame på at her er visse skilnader. Det kan vere særtrekk i ordbruk og lydverk som deler bygda i to, og heng saman med liknande øvringar lenger sør i Sunnfjord eller mot aust i Nordfjord.

Stundom kan det vere slik at folket i ei grend eller på ein enkelt gard har eit målmerke som gjer at vi med ein gong kan høyre kvar dei er ifrå. Frå mi eiga skuletid hugsar eg at borna på ein viss gard stadig fekk feil fordi dei skreiv stáve i staden for stove. Seinare fann eg ut at heile huslyden sa stáve.

På Myklebost sa vi 'fjose, gå i 'fjøsini, norrønt fjos, ei samandraging av fehus. Men vi borna visste vel om at i nedste Jølst sa dei 'flore, gå i 'florini, same ord som i engelsk floor. Kjelda for vår kunnskap var at to av grannejentene hadde mor si frå Ålhuskrinsen, og to av oss andre hadde bestemor frå Hammar. Dermed hadde vi registrert ei målgrense. Dei som bur vest for denne grensa, seier etter gamalt 'flore, som andre stader i Sunnfjord, og dei som bur austanfor seier 'fjose som i Nordfjord. Noko mistyding valdar ikkje dette. Det gjer det heller ikkje at substantivet rev har tre ulike uttalar. I nedste Jølst seier dei 'røve, i midtre Jølst 'røve, og i inste Jølst 'ræve.

Lat oss sjå nærare på inste Jølst, dvs. grendene frå og med Skei og inn i Stardalen. Folket her, har etter gamalt skilt seg ut med ein urunda, ø-liknande uttale av norrøn kort o: søve, støve, gølv, pøse, gøtt (nor-




Foto av Hallstein Dvergsdal

rønt sofa, stofa, golf, posi, godt). Dette minner sterkt om den same vokalen i breimsmål og målet i andre bygder i indre Nordfjord. Folk frå andre deler av Jølst oppfattar han som vanleg ø, og nyttar han gjerne når dei skal herme etter instebygdarar.

Hopehavet mellom Breim og inste Jølst kjem og fram i eit sterkare innslag av halvmål, eller da rånge 'måle. I ein visestubb som Olina Fossheim har skrivne ned etter Ola på Grungja, heiter det: Strø alm (halm), strø alm på låvebrua. Olav J. Befring har notert hundena-namnet Ektor (Hektor), og gamle Knut Haugen nytta mannsnamnet Aralde (Harald) om ein oldar (1948). Her kan ein skyte inn at Stardalen har ein del personnamn som ikkje er vanlege i andre luter av Jølst, men derimot i indre Nordfjord. Det gjeld Anton, Bodvar, Kolbein, Tore.

Vender vi oss så mot nedste Jølst, vil vi først og fremst merke oss uttalen av gamal kort u i gamle kortstavingar. I midtre og inste Jølst seier vi ø: lôte (lut), feske'lôte, opp'lôte, fløge (fluge), føre (fure), røgamjøl (rugamjøl). Men i nedste Jølst har dei framleis ein uttale som minner om open u (europeisk u) fluge, fure, rugamjøl. Her er det samband med førde-målet.

Eit liknande samband har vi truleg i uttalen av den etterhengde artikkelen (-en, -ene, -ane). Det vanlege for jølstringar er her å ha mjuk uttale (palatalisering).

Men da eg skreiv opp stadnamn i Jølst sommaren 1947, fann eg at gamle folk i grendene Myklebost og Sandal ofte sa: 'hesten, Ola'hansen, renden, likevel slik at dei retta til 'hestinj, Ola'hansinj, rendinj dersom eg spurde oppatt. Her er det grunn til å minnast at det tidlegare var mykje ferdsle frå Sandal og Myklebost over til Haukedalen, særleg over Skrøkingen. Og i haukedalsmålet er systemet for uttalen av den bestemte etterhengde artikkelen det same som vi fann hjå gamle folk på Myklebost og i Sandalen. Eg viser til Indrebø: Stadnamni i ei fjellbvgd.

Noko av det mest gamalvorne i jølstramålet finn vi i Dvergsdalen, på Sunde, i Kjosnesfjorden og på Hus og Helgheim. På ein del av desse gardane er der enno (1992) åttiåringar som held på den norrøne jolyden i ord som bjørk, fjøl, Jølst, kjôt, mjøl, sjøl (sjølv), sjöldå (sjeldan). Resten av bygda har fått ljodbrigde jø til jø og seier bjørk, fjøl osv.

Gamalt er det og når jølstringane held på forma da (det) av norrønt bat. Sameleis når vi i trykkung stilling har den norrøne k-lyden i orda ek, mek, dek, sek (eg, meg, deg, seg) ek å du, hanj slo både dek å mek.

Dermed får vi slutte for denne gongen. Ein del av dei målmerka vi har omtala, er nok på veg ut. Men andre vil overleve, for målføra har synt seg å vere utruleg livskraftige.



Foto av Hallstein Dvergsdal

Den store og siste bjørnejakta i indre Svidal for godt 100 år sidan


Ei gjenforteljing etter bestefar min, 1871-1962

Av John Svidal

Første veka i november det året hadde det telja så mykje på, at myrane bar hestane i Ytrebergs-marka, så ein kom seg fram for å hente utslåtts-høy til beista. Han Nils, Tollef og Ludvig (Store-Ludvig) rigga seg til tidleg om morgonen og kom seg iveg i grålýsinga. Det hadde lagt ned ca. 3 tommar snø om natta, men no var det opphald og veret var fint. Då dei kom ut om Erkebakken mot Ellingtunmerket, var heile vegen full av bjørnespor. Dei stoppa opp – stod litt rådville ei stund – det var ikkje mindre enn 12 bjørnefar, nokre store og nokre litt mindre. – Au, her var fåre på ferde! Dei snudde hestane og kom seg til tuns fortare enn fort, fekk hestane inn i stallen, sprang rundt i husa og varsla dei andre. «Grenda er full av bjørn, hald dokk inne og pass på dørene!» «Nei, Gud hjelpe oss, er det svensken no igjen,» jamra og bar seg, ho gamle Martha ned i bua. Og det var ikkje utan grunn. Ho hadde livd gjennom mykje, ho hadde mista to brør under kamp med svenskane sommaren 1814 då Noreg vart tvinga i våpenkvild i union med Sverige.

Kvinnfolka som var i gang med fjøsstell og vassbering, fekk streng ordre om å halde seg i fjøsane og passa dyra, fjøsdøra og «mokadomsluka.» Basta! Dei som låg på fjøslemmen måtte halde seg roleg. Her var gode råd dyre. Karane som var i sine beste år og hadde styringsretten i tuna tok rådslaging i ei av stovene. Folk og fe måtte bergast for rovdyra, det var sikkert. Her var det om og gjere å samle dei som hadde børs og elles erfaring frå jakt. Store-Ludvig sette igang med å sjå over børsa si. Han var oppvaksen i Bostadhola og hadde erfaring frå hardbala jakt i Skjærsura og Bjørsetmarka. Det var ein vand jeger i Solheimsneset, han Anders. Det stod i å få han bodsend. Det var søren ikkje utan fåre å ta seg fram over Svorabakkjen, så han Knute og ein av sønene tok seg inn i fjæresteinane forbi Nesodden.

Han Anders, Jens, Andreas og Elias (fødd 69 -71 -72 og -73) var i mogen skulealder og skulle på omgangsskule på Berg denne dagen. Dei hadde mest



lyst til å skofte skulen for her var det spanning og ting på gang som dei ville vere med på. Det var noko utanom det vanlege. Men å skofte skulen var det same som bjørkeris, og ikkje fekk dei lov heimanfrå heller. Dei måtte i veg og samstundes skulle dei bringe bod til han Abram i Midttunet om å kome med børsa prompte. Gutane la i veg i treskorne – jamen var det nifst – visste ikkje kva ein trefte på, men med kvar sin skavkjepp i handa, hjalp det godt på motet. Dei tok seg fort fram til Berg utan noko røyne. Han Abram var i fyr og flamme: «Jig kommer straks», når gutane fortalde kva som stod på heime. Dei tok seg vidare fram til skulegarden som var Ingertunet. Dei var einige om å spørje seg fri frå skulen og han Anders Plassen som var eldst, skulle spørje for dei alle. Han gjekk føre framover stovegolvet med huva i handa og bukka djupt for lærar Fugle: Om dei aller nådigst kunne få fri, for det var kome bjørn heime. «Ja så, ja så – jeg skal se.» Men han ville gjerne høyre dei i lekse. «Hva nu Andreas, kan du lese den?» Og Andreas (Jølet) stauka då fram: «All kødets lyst må tuktes og formaner for at derved unndrage sig Djevelens spissfindige snarevev.»

Dei fekk fri!

Og i kate sprett som gitar flest, bar det narvegen i Svidalen så snøkokane spratt frå treskorne. – Ein mätte heim og hjelpe dei vaksne – ein følte seg noko vaksen sjølv og. Nokre stenger frå ei nedbrota trehes på Fitjebrua var bra å ruste seg med. Då dei kom ned i «HOLA», var han Abram komen i full mundur med snøsokkar til knea med raude strammeband, skinnhue med stormband, lang børs og krutkipe på ryggen. Han hadde alt konstatert at spora bar inn over i ei brei løype.

«Hu-hei, karar,» ropa Abram mot tuna, der alle karfolka som såg seg føre å vere utandørs, var samla. «Saken er klar,» og vinka og peika innover mot Sårheim og Nedrebødalen. Omlag der som vognhuset til Plassen står idag vart det ei samling. Anders i Neset med børsa var no komen til. Vi gutane var på pletten med øyra på stilkar. «Tak dykk i akt, de kan ikkje vere

med,» sa dei vaksne. Men likefullt, nyfikne som vi var, følgde vi etter, hakk i hæl. Opp gjennom Geilane, gjennom Geilgrinda, inn med bakkegardane, forbi «Kirkjeleet», gjennom Kvelvet, forbi Berga og mot Sjulhammarura. Full stopp. Ver stille. Her gjekk spora meir i ring. Ver stille. – Og stilt vart det, du hørde berre ditt eige hjarta slå. Abram åla seg opp langs ura og Ludvig og Anders følgde etter. Knute, Nils og Tollef drog seg fram i skjul av ei gamal bjørkerot med kvar sin sterke kornstaur på slep etter seg. Vi gutane, Anders, Elias, Andreas og eg Jens, kraup inn i ein snøbroten einekave.

Du så spanande det var, men allikevel så trygt inni denne einen, som var mest som eit hus. Vi sat om skrevs på stammen og nesten dissa oss. Langt nedanfor låg vatnet så stilt som Skarvatnet og der ute på neset låg husa vi hørde heime til som forletne. Nokre gaul av ei ku eller kalv frå ein av fjøsane braut stilla. Ein ljøske av sola frå utsida av Hammarfjellet blenkte over ura og glitra i istappar i Sjulhammarsberg. Det glitra som diamanter.

Då vart det brått eit syn som aldri vert gløymt. To store lodne dyr hoppa og spratt og liksom leika seg på steinane i ura – som av kjæte i novembersola. Då small det, og ura låg i ei dimme av krutrøyk. Så kom det eit vræl og eit døn som om ura riste.

«Hjelp, Herre Gud,» let det oppunder berget.

Karane med kornstaurane slo vilt. Når krutrøyken drog av, såg vi eit uhyre stod oppreist på bakbeina i ura og slo vilt i lufta med framlabbane, ei raud tunge hang langt ut av ein gapande kjeft – etter eit knurrande vræl. Gapet var som å sjå inn i ei treskjemaskin! Søren au, der klikka børsa hans Anders. Her var gode råd dyre – det var just ikkje automatvåpen karane hadde. Men der i det same hoppa bjørnen ned av steinen og vart vekke, men kratt og gamal blom bølga seg skrålies i retning Dauehola.

«Ja, karar, no er han god å take igjen,» sa han Abram, «kanskje berst det i Haptahola eller Hillene.»

Alle samla seg attmed bjørkerota. Han Abram og han Anders måtte ordne på børsene. Han Anders drog ein ulldott gjennom børseløpet. Han Abram drog skinnkipa han hadde hatt på baken – fram i fanget – og leita fram ein neve med svarte gryn – krut – som han tømde opp i børseløpet og stappa så med ein tein. «Dette minne meg mykje om ei hending i Grønneven ved Mikkelsmesse for nokre år sidan. Ja du, eg minnest, eg trur det var Barsokkdag eg kom i basketak med ein ulv i Fremstebotnbrekka. At eg kom meg levande derifrå, må vel seiast å vere eit under,» sa han Abram, og ladde børsa med største sinnsro.

Vi gutane som skulle ha vore på skule på Berg, kraup tett inn på fedrene våre, vi lytta og slukte kvart ord som kom frå desse barske jegarane. Vi følte oss trygge i slikt selskap må vite. Her under bjørkerota var det ein fridom mot omgangslæraren som tordna om menneskjeborna sitt nedarva syndeliv om uunn-gæleg tukt og skjærseid. Det må seiast det var lærer-ikt å lytte til samrøda mellom karane, det var som dei hadde viten og erfaring om alt både oppå og under

jorda. Om det var gamle erfaringar for å kalle fram bjørn, som låg til grunn for det som vidare hende, skal vere usagt, men mykje tyder på det frå andre soger. Bjørnen er eit fredelig dyr når den får vere i fred. Han vil helst stikke seg bort. Men vert han terga med skråll og skrik, vert han sint og vil ha slutt på livet.

Tollef og Ludvig reiste framatt i tuna for å fortelje om tilstanden og så skulle dei få båt på vatnet for å få oversyn over markene og gje signal. Han Simå og ville vere med på jakta, endå han var blind. Han meinte at han i det minste kunne vere med å ro. Så bar desse tre karane i veg med ei lang stang og ei ullunderskjorte – på skrå over Steinsåkeren fram til nauset i fjøra under Karisteinen – og fekk ut båten. Han Simå rodde ca. 200 meter av land til Teigagarda. Tollef og Ludvig sat, ein framme og ein bak i båten – og stirde på terrenget frå fjell til fjøre. Abram og Anders hadde omhyggeleg ladd opp børsene og skulle ta seg ut marka til ei berrhogsglenne som gjekk frå Svorabakken og opp til Berga. Vi gutane med han Store-Ludvig, Knute og Nils reiste oppover mot Dauehola. Frå Dauehola såg vi til dei andre, og dei som var ute på vatnet, hadde fått opp ullskjorta på stanga og vifta og hua og skråla. Det var like før dei kvalde båten, fortalde dei seinare. Vi i Dauehola slo med staurane våre i steinar og einekreker fram i gjennom. Namnet talar sitt tydelege språk. Så brått var det som ein stor stein ramla av ned gjennom marka, men då vi hørde knurring og illskrik, skjøna vi kva det var. Og vi for alle etter i ei skrei ned Svorebakkjølet. Han Store-Ludvig kløyvde broka og han Knute reiv eine erma av vadmålstrøya si. Han Nils miste eine pluggaskoen i ei åreklopp, men fann han igjen dagen etter. Hovudstups framme på Svorabakk-kanten small det. Først ein gong og ein gong til – og alt vart stilt. Gardfjosteigen låg innhylla i krutrøyk som etterkvart dreiv av ut i verdsheimen. Der i Teigagarda låg bjørnen stokk daud. Han hadde gått seg fast i risgarden og vorte seinka. Han var nok utkøyrd han og stakkar. Vi samlast alle etter kvart.

Det var ei heil stund før det vart sagt noko. Vi var så andpusta og sprengde. Det var heller ikkje så mykje meir å seie. Bjørnen var daud.

To karar var fram i tunet og henta ei merr og ein vedasled og det vart eit heilt bal å få han lest der han låg. Tung var han, det vart anslege til 15 våger. (1 våg er ca. 18 kg).

Eit uheppe bar til på turen fram i tuna. Det hadde frose opp ein stor is med Rugahogja. Merra var dårleg skodd. Sleden skreia på isen. Merra gjekk ned på framfötene og slo kjeften i isen og braut av to tenner. Det bar baklengs nedetter isen til det stoppa i ei steintue. Veierende og 2 sleband rauk så her vart noko ekstra bal. Det var temmeleg dimt då følgjet kom fram og køyrde heile lasset inn i gamle Knuttuns-vedahuset.

Neste dag reiste nokon til dals etter høy til beista og dei andre var opptekne med å flå.

Det må seiast at dei flådde ikkje før bjørnen var skoten.

Førde – eit gammalt trafikksentrum i Jølster

Tekst og foto: Edgar Holen



Parti frå Førde i Jølster.

Då redaksjonen vedtok at eit hovudemne i årets utgåve av bladet Jølst skulle vere utfarts- og innfartsveggar til bygda, sa det seg sjøl at grenda Førde, eller Førs, laut handsamast. Denne artikkelen er bygd på eit intervju med Jakob Førde som var sendt i Radio Jølst våren 1993. I intervjuet syner han til ei eldre bygdesoge skriven av Jacob Aaland, truleg ein gong i trettiåra.

Som så mange andre stader veit ein ikkje noko heilt sikkert om kor lenge det har budd folk her inne ved botnen av Breimsvatnet, men sjølve namnet på staden blir utlagt som ei gamal tyding av fjordbotn. Det har vore skrive på fleire måtar opp gjennom tidene: Fiorde, Forde og Firdir. Over denne staden gjekk den gamle hovudvegen til lands sørover og nordover på

Vestlandet. Den gamle kongelege postvegen gjekk også her. Ein del av den er framleis synleg.

Garden var krongods i dei eldste tider vi kjenner av soga om busetnaden i Jølster. Eigaren hadde skyssplikt, og det var skyssstasjon på staden. Plikta gjekk ut på å skyss mellom Førde og Skei, men truleg gjekk plikta heilt fram til Årdalen. Men i skyssplikta inngjekk også roing over Breimsvatnet til Reed. Slike bruk vart kalla skaffarbruk. Det trongst mykje folk, og dette var vel ein grunn til at garden vart delt og det vart ein etter måten stor framvekst på staden. Det trongst mange drenger, og desse vart fritekne for militærtjeneste. Brukarane i Førs var difor aldri i beit for drenger.

Etter skyldmarka å døme var Førde eit stort bruk. I

1626 var skylda på 1 laup, i 1654 1 1/2 laup, og i 1680 2 laupar. I 1837 vart den samla skylda sett til 7 dalar, 1 ort og 27 shilling og i 1868 til 3,34 skyldmark. Jakob Førde trur at den rike tilgangen på skog, særleg almeskog, medverka til at garden vart vedsett så høgt. Det var også fleire gode kornåkrar i Førse, sjølv om mykje av jorda var noko skrinn. I den nemnde bygdeboka står det m.a. at folket i Førse to gonger måtte søkje kongen om skattelette på grunn av uår.


I året 1660 kjøpte kanslar P. Retz Førdegarden saman med ein del anna krongods. Professor Ole Worm vart neste eigar, og han overlet garden til dottera Inge, gift Schjelderup. I 1690 selde dei garden til Knut Nilsson Førde. Han må ha vore ein drivande mann som greidde å samle seg midlar til å kjøpe den store garden. Han hadde også eigedomar andre stader, m.a. i Breim.

Knut delte garden først i to. Den eine parten delte han igjen mellom to søner. Sjølv vart han sitjande på den udelte parten, og meininga var at når han døyde skulle sønene dele hans lut. Dette siste vart såvidt ein kan forstå ikkje gjort, for det har alltid vore tre hovudbruk i Førse sidan den tid. Tre bygselsbruk kom også til, to av dei låg under Knut Nilsons gard. Desse bruka vart sjølveigande omkring 1915-20.

I 1870 vart det bygd eit lite hotell i Førse. Det hadde namnet Skjorta. Dette var i drift fram til omlag 1890 då vegen gjennom Våtedalen vart opna. Førse hadde før vore eit senter, no vart det på mange måter ein utkant, men framleis er det eit levande og rikt lokalmiljø på staden. Heilt slutt på gjennomgangstrafikken vart det forresten ikkje. Omkring 1900 kom det motorbåt i fast rute på Breimsvatnet, og den gjekk faktisk til bortimot 1970. Det var framleis dei som valde båtskyss frå Førde framfor turen gjennom Våtedalen.

Det kan også vere grunn til å ta med litt om vegstellet. Dei som budde på skaffarbruka hadde plikt til å vedlikehalde vegen, kvar gard hadde sitt stykkje. Oppsynet med dette arbeidet låg til vegmeistrar oppnemnd av styresmaktene, truleg av kongen. Ein av vegmeistrane heitte Dominikus Nagelbeck. Han var av militærslekt, og hadde sjølv kapteins grad. Han budde for det meste i Innvik. Ein ting som han blir hugsa for er at han fekk reist ein grensestein mellom Breim og Jølster. Den markerte samstundes fogderigrensa mellom Sunnfjord og Nordfjord.

Soga om Førde er sjølvsagt mykje meir detaljert enn dette. Vi kan trygt rekne med at den fortel om dagar med spaning og høgtid, ikkje minst når folk frå kongehuset eller høge embedsmenn for gjennom bygda. Men dei lengste bolkane fortel truleg her som elles i bygdenoreg om slit, fare og strid for livet både for folk og dyr. Kanskje kan vi få vite meir om dette ein annan gong.



Jakob Førde.



Gamal grensestein mellom Nordfjord - Sunnfjord / Gloppen - Jølster prestegjeld.

Framsynt jølstring

Av Olav Støylen

I vår ein gong stod det å lese i Firda at museumsarb. Jon Barlund var tildelt nokre kroner frå Svidals legat. Pengane skulle vera med å finansiera ei reise til Venezia for å studera gamle byggeteknikkar.

Dette med Svidals legat vekte mi nyfikne og eg har funne fram til at dette er Nils J. Svidals legat oppretta den 9. mai i 1932. Nils Johannesen Svidal fødd i 1857 og død i 1937 var eigar og brukar av Svidal g.nr. 63 b.nr. 5. Til dagleg kalla «Opste Neset» og han «Nils i Opste Nesa». Foreldra til Nils var Johannes Jakobsen Møklebust som gifte seg til bruket og kona Karoline Eriksdr. fødd Åsen, enkje etter Nils Abrahamsen Svidal. Johannes Jakobsen var frå bruk 5 på Myklebust, Oddvar J. Myklebust i dag.

Han Nils i «Opste Nesa» levde ugift og hadde soleis ikkje livsarvingar. Derimot hadde han ei halvsystem Ane Nilsdr. fødd i 1850. Foreldre Nils Abrahamsen Svidal og Karoline Eriksdr. fødd Åsen.

Ane vart gift med agronom Hans Abraham Larson Eikås fødd 1852.

Hans og Ane var bondefolk på Eikås indre b.nr. 1. (bruket til Sigmund Eikås idag) fram til 1893. Då drog Hans til USA, kom attende og utvandra 2. gongen 14. februar i 1895. Då var kona Ane Nilsdr. og 4 born med.

Ei dotter, Nikoline fødd 1875 gift med Gunnar J. Årdal fødd 1867 frå bruk 7 Årdal indre (Leite) og ei dotter Sevrina, fødd 14. mai 1891, vart verande att i Noreg.

Sevrina vart oppfosttra hjå morbror sin, han Nils i «Opste Nesa».

Lengten etter sine foreldre vart nok stor, så den 16. november i 1905 utvandra ho. Då står det at ho var «Skolepike» og «Reisen til sine forældre». Ho reiste saman med søstra Nikoline og hennar mann Gunnar J. Årdal.

Det er fortald at Sevrina var ein tur heimatt rett før eller rett etter siste verdskrig.

I alle fall så vart ho

ikkje gløymd av sin morbror Nils. I testamentet lyer det slik:

1. Sevrine Hansdr. Eikås, Tigerton Viskonsin Amerika tildeles 4000 - fire tusen - kroner.
2. Aalhus sogns indremisjonsforening 1500 - femtenhundre - kroner der indsettes i Jølster Sparebank. Den årlige rente derav brukes til løn for omreisende emisærer.
3. Det norske missionsselskap 1500 - femten hundre - kroner. Der utbetales efter min død.
4. De øvrige kontanter indsettes i Jølster sparebank og skal stå urørt til det har formert sig til 10.000 - ti tusen - kroner. Vorefter rentene av nævnte beløb anvendes til en arbeidsskule for gutter og gjenter i Aalhus sogn, efter konfirmantionen. Medlemmene av Jølster formannskab avgjør nor og vor skolen skal holdes i Kretsene.

Det er ovanfor punkt 4 som er legatet og som i dag

er kome oppi, etter snart 60 år, 70-80 tusen kroner. Om der nokon gong er utdelt noko til «gutter og gjenter i Aalhus sogn efter konfirmantionens» bortsett frå det som Jon Barlund fekk i 1994, veit eg ikkje.

Han Nils J. Svidal er hugsa av dei som kjende han som ein opplyst og klok mann, godt omtykt i grend og grannelag. Det vert fortalt at han gjekk uvanleg mykje berrfotte, lenge etter at snøen var komen kunne dei sjå spor etter ein berrfött person.

Det var han Nils i «Opste Nesa» som hadde vore ute og gått.



Nils J. Svidal.

Da va hellegt, kounjnje Dei kalte da gudslån

Av Oddvin Viken

Når bondinj sádde, sto nokre av gardsfolkje på ákre-reina ve endinj'a fórinje á song salma.

Tipp-oldemora mi på Bolset va ned på bøna ein gong gassen sette seg på herda hinjnja. Da va langt heim te tuns, men ho vart kvitt gassen straks 'o kom seg bort til reina på ákkrinj. Dar likt' ikkje han seg.

Brorinj hinjnja på Háem, fødd 1785, hugsa gótt da fæle uære so va i 1812, á da e no 180 ár sia. Hanj fortalde da seinare te søster-sonen på Bolset, so va minj oldefar, f. 1821. Då morfar attfortalde det til mor og meg i mai 1940, sette da seg so fast i minjnje att' eg no har skreve omtrent alt, á omtrent slek refererte hanj:

«Anj far fortalde da ett 'ána gamle Rassmess Háem, att 'os dei fekk dei berga noke kounjnje da áre. Da hadde vore so kallt á vátt heilt ifrá føresommarijn, me snøslette langt ne på bøanje rett so da va, á ákkranje dei sto grøne á svarte. Men so kom da se litt dá dei lei frampá, á i september va da enj hetebólke, á dei bjønd 'á skjere dá, dei so hadde dei beste ákkranje.

So va da enj dage sola skein so heitt, á hemmelinj var heilt klåre. Folk trudde atte no vilde da halde se slek nokre dage, á dá vilde da bli tørt, da dei hadde skóre.

Då sola va nere, gjekk anj Rassmess ut á opp på öppste hønj á såg framøve (Det kan skytast inn her at brukje has va «teigblanda», og ákkrinj på ca 3 mål, seinare kalt Rassmessákkrinj, låg eit stykkje frá tuna og var meir sørvend). Da va skyfritt, men anj såg no atte da va kommá opp ei litá mørke sky på hemmela i sørvest so anj seinare sa va so store so enj knyttneve.

Da gjor att 'anj hilt se vakjnj á gjekk ikkje á la seg dá hine deinj kveldinj. Før midnatt kjend 'anj enj sleke kalde trekke, á hemmelinj va teskya heilt te fjeiljlja i nor. Anj gjekk á vekkete tenaranje á aillje

so kounjnje hjelpete te med á bere in kounjnje. Dei arbeidde heile natta me á bere kounjnje inn i lóa, men utpå mårásia bjønde da á snøve, á førsette me di utøve dajin, so da låg djupe snø.

Deinj snønj blei liggjande utøve haustinj á for ikkje bort før te várinj. På dei garanje dar dei ikkje hadde fått inn noke kounjnje, laut dei klare se med borkemjøl deinj ventrinj. Men anj Rassmess sa att' i tuna døyra hadde dei fått berga so mykkj' atte dei hadde te mjøl i julinj á te sákounjnje neste ár.»




Foto av
Hallstein Dvergsdal

Antonetta Helgheim – ei trufast og god jordmor for Jølster

Tekst og foto av Hilde Yndestad Halland

Eg vitja henne i heimen hennar på Skei, ein fin augustkveld. Ho er no 85 år, så om helsa ikkje lenger er som før, så var det mykje ho kunne fortelje frå dei 50 åra som jordmor i bygda.

Eigentleg hadde ho lyst til å bli lege, men kostnadene vart for store. Naboane i Angedal, der ho kjem frå, kausjonerte så Antonetta kunne ta til på jordmorskulen. På den tida hadde jordmoryrket høg status, tilliks med lærar eller sjukepleiar. Det var vanskeleg å kome inn, men med gode karakterar frå folkeskulen gjekk det. Etter 1 år på jordmorskulen, tok ho til som privatpraktiserande i Jølster – med 18 kr pr. fødsel. Med vårt innbyggjartal er det lett å forstå at ho ikkje kunne livberge seg, men måtte ta huspostar i tillegg. Det var først då ho vart tilsett som distriktjordmor mange, mange år seinare at ho fekk fast løn, samt at ho fekk heile Jølster som sitt arbeidsområde.

Antonetta reiste rundt i heimane, men ofte på vin-terstid når vegane vart uframkomelege, måtte dei fødande innlosjere seg hjå henne til fødselen var vel over. Ho kunne ha opptil 5 stykke på ein gong, og då var han Andreas, mann hennar, god å ha som både kokk og fødselshjelpar. Ho fortel at til og med ekte-senga hennar vart teken i bruk av fødande. Då ho sjølv venta sin førstefødde, «steig» ho ut av senga si, forløyste ved ein annan fødsel, og greidde så vidt å kome seg ihus att, før fødselen tok til. Då var det naboen som var fødselshjelpar. Andreas og ho fekk etter kvart 5 born.

Antonetta kan sjå tilbake på mang ein strabasjøs tur nedover til Førde. Dit reiste ho saman med den fødande, då gamleheimen og sjukestova vart teken i bruk som fødestove. På den tid var det Bydal som var lege. Antonetta hadde jordmorkofferten, som inne-heldt dei mest naudsynte instrumenta til bruk ved ein fødsel, men av og til var dette ikkje nok. Ho fortel om



ei kone som fekk blødning under svangerskapet. Då var det å sende bod på Bydal i Førde, som så foretok utskraping på kona – på stovebordet i heimen.

Det var ikkje store fag-miljøet ei jordmor hadde, men Antonetta var i 3 år «formann» i Jordmorforeininga i Sogn og Fjordane, og fekk reise på landsmøte i Oslo. Men arbeid og heim tok all hennar tid, så dette vervet måtte ho seie frå seg. I tillegg til svangerskapskontrollane, vart ho og engasjert av Skei hus-morlag til å vere helsesøster i bygda.

Heimefødsjar var ein del av kvardagen til Antonetta,

og at dei fødande følte tryggleik, kan vel best beskri-vast av kona som sa: «Når ho Antonetta va komen i hus, ja då va da nett so eg hadde født.» Tryggleik for den fødande er viktig, seier Antonetta og helsar den nye lova om jordmor i kommunane velkomen.

Av alle fødslane ho Antonetta var med på, var dei i heimen dei finaste. Då «strutta» heile huset av glede over den nyfødde. Men, det var ikkje alltid at den fødande kom i første rekkje. Antonetta fortel om ein gong ho vart henta med hesteskys og skulle til ei fødande. Ho hadde fått melding om at det hasta og skunda derfor på hestekaren, som så svarde: «Det får gå som det vil med kjerringa, men eg kan ikkje drepe merra.»

Jordmora skulle fram – uansett ver og føre. Som oftast sykla ho, men både bil, båt og hesteskys vart også nytta. Mang ei utforkøyring har ho vore med på, og ein gong plogbilen køyrde seg utfor, måtte dei til med stige så ho fekk klatre ut glaset på bilen.

Antonetta har tatt i mot ca. 1.000 born, den siste ho tok i mot var i mars 1986, ho var då 77 år. Men den dag i dag ville ho ikkje ha kvitt seg på å ta i mot, der-som ho var nøydd.

På vegne av alle jølstringar ho har hjelpt til verda, kan vi takke for «førstehjelpa» ho har gjeve desse 50 åra.

Sunnfjordingar på folklorefestival i Latvia

Av Ingrid Søyland



Heile gjengen samla.

11. juni 1994 sette nattbussen frå Førde kurs mot Fornebu med ei verdfull last: 18 tenåringar og to vaksne frå Indre Sunnfjord Spelemannslag/Eikås Ungdomslag var på veg til «Baltica '94», ein internasjonal folklorefestival. Mange hadde verken reist med fly eller vore i utlandet før. Det var spenning frå første stund.

Varmen slo mot oss på flyplassen i Riga. Vi fekk ei

fin mottaking, med to tenestevillige guidar som kom med blomar og geleida oss ut til bussen som skulle vere vår under heile opphaldet. Blomar, ja. Overalt kom folk med blomebukettar av mark- og hageblomar som dei gav oss. Det var ein del av tradisjonen deira som vi sette stor pris på.

Maten vart motteken med meir blanda kjensler. Det gjaldt om å ha mot til å prøvesmake, så synt det seg

oftast at maten var kjempegod! Men varmen varde ved, og drikke var det vi trong mest. Det gjekk mangfoldige liter med brus, juice og mineralvatn.

Vi var med på konsertar og framsyningar kvar dag. Konsertane varde mellom to og fire timar, så det kunne gå på tolmodet laust! Folket i Baltikum er svært gode songarar, og konsertinnslaga deira var i stor grad songar med forteljande innhald over mange vers. Då kunne ein ønskt ein forstod språket.

Dansane deira verka koreograferte og tydeleg sceneretta. Slik stod bygdedansane våre i skarp kontrast, med folkelege rørsler og individuelle utformingar av springar og parhalling. Vi fekk svært positive tilbakemeldingar, både på prestasjonar, sprudlande humør og fin framferd.

Den trufaste sjåføren vår, frakta oss ein dag til Vila-ka, ein tettstad nær grensa til Russland. Der skulle vi ha framsyning og overnatte. Vi kom til ein grå, firkan- ta murbygning i 4 etasjar, med små, triste vindauge. Der skulle vi overnatte privat. Vertsfolka kom, og alle ville så gjerne ha besøk! Det galdt om å dele seg i flest mogleg einingar, så alle fekk overnattingsgjester!

Husværa var alt anna enn grå og triste innvendig. Små, ja, men lune og trivelege, ei spegling av hjarte- varmen hjå vertsfolka. Dei visste ikkje kva godt dei skulle gjere oss, vi vart kongeleg oppvarta. Om natta var det sjølvstakt for dei at dei låg på flatseng på kjøk- kengolv. Sengene deira skulle gjestene ha!

Laurdagen kom med festivalopptog gjennom gate- ne i Riga. Dei nordiske landa var representerte, like- eins dei baltiske landa, Grønland og Skottland, alle i nasjonaldrakter. Store folkemengder stod på fortua. Dei vinka, klappa og ropte «Norvegija! Norvegija!» då vi passerte. Mange kom springande med blomar som dei gav «sine utvalde» i gruppa vår. Ein gamal krigsve- teran kom haltande bort til underteikna og kyste meg galant på handa. Ja, nordmenn var nok velsedde der borte.

Når vi ser tilbake på turen, var det ei einaste stor oppleving! Vi var tørste støtt, sov lite og sveitta av oss mange kilo til saman. Men det som sit att i min- net no, er gjestfridomen, eit strålende folk og artige episodar.



Godt å kvile litt – i varmen.

Dei – og eg


Hender,
våte etter vask-
såre etter sting i klede,-
men rike
i sine rørsler,
rike i all gjerning.

Jordbarka hender
med hardna hud-
tunge steinar
talar dei om,
- om seige røter-
og om eim av gror.

Gleder har rakna
i vare sinn.

Men no-
blømande av draum
er deira andlet.
Augo lyser milde
etter alt
av slit.

Og eg,-
eg skal gå
over våte,
grorneme marker
medan fuglar syng.



Tekst og illustrasjon: Elsa Norunn Håbeim Nydal

Eventyret om korleis Gunnar og dei gode hjelparane gjorde Jølster kjent i heile Noreg

(skrive til eit 25-års jubileum for fire tilsette ved Vassenden skule 21.3.1994)

Av Kåre Lien

Det var ein gong ein mann som hadde tre søner. Den eldste heitte Per, den nesteldste heitte Pål og den yngste heitte Gunnar. Gunnar sat oftast på ein krakk ved omnen og slo etter fluger og klegg. Når han ikkje slo etter fluger og klegg, tok han fram eit bukkehorn og bles ut allslags forunderleg musikk.

Ein dag let skulesjefen lyse ut at den som kunne gjere den vesle bygda kjent i heile det store landet, skulle få biletet sitt i avisa og arbeid på skulen.

Dette ville dei tre brødrene prøve. Fyrst la Per i veg. Då han hadde gått eit lite stykke, møtte han ei jente som sat på ein stein og nynna slike fine melodiar.

«God dag!» sa Per.

«God dag!» sa jenta.

«Sit du her og nynnar melodiar?» spurde Per.

«Ja, det er jo ingen andre som nynnar i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa jenta.

«Ja, det vil eg og!» sa Per og hasta vidare.

Då han hadde gått eit lite stykke til, møtte han ein gut som stod og hamra og sveisa på nokre metallbitar.

«God dag!» sa Per.

«God dag!» sa guten.

«Står du her og hamrar og sveisar metallbitar?» spurde Per.

«Ja, det er jo ingen andre som hamrar og sveisar i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa guten.

«Ja, det vil eg og!» sa Per og hasta vidare.

Då han hadde gått eit lite stykke til, møtte han ei jente som sat og sydde på eit tøyestykke.

«God dag!» sa Per.

«God dag!» sa jenta.

«Sit du her og syr på eit tøyestykke?» spurde Per.

«Ja, det er jo ingen andre som syr i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa jenta.

«Ja, det vil eg og!» sa Per og hasta vidare.

«Korleis vil du gjere bygda kjent?» spurde skulesjefen då Per banka på døra.

«Eg er den beste vedhoggaren i mils omkrets,» svara Per.

«Sett i gang!» sa skulesjefen.

Og Per hogg og hogg, men ingen brydde seg om det, ingen avisskrivarar dukka opp og bygda var like ukjent som før. Då skulesjefen hadde fått seg ved for fleire år, måtte han seie stopp og sende Per heim att til far sin.

Dagen etter ville Pål avgarde. Det gjekk ikkje likare med han. Jenta sat på ein stein og nynna slike fine melodiar, guten stod og hamra og sveisa på nokre metallbitar og den andre jenta sat og sydde på eit tøyestykke, men Pål hasta vidare.

«Korleis vil du gjere bygda kjent?» spurde skulesjefen då Pål banka på døra.

«Eg er den flinkaste slåttekaren i mils omkrets,» svara Pål.

«Sett i gang!» sa skulesjefen.

Og Pål slo med langorv og stutturv, hesja og sveitta, men ingen brydde seg om det, ingen avisskrivarar dukka opp og bygda var like ukjent som før. Då skulesjefen hadde fått unna heile slåttonna si, måtte han seie stopp og sende Pål heim att til far sin.

Tredje dagen ville Gunnar avgarde.

Då han hadde gått eit stykke, møtte han jenta som sat på ein stein og nynna slike fine melodiar.

«God dag!» sa Gunnar.

«God dag!» sa jenta.

«Sit du her og nynnar melodiar?» spurde Gunnar.

«Ja, det er jo ingen andre som nynnar i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa jenta.

«Kva heiter du då?» ville Gunnar vite.

«Eg heiter Gerd,» svara jenta.

«Kan du noko anna enn å nynne melodiar?»

«Å, ja. Eg kan så mangt eg,» sa Gerd.

«Då er det like greitt at du vert med meg til skulesjefen,» sa Gunnar, og så rusla dei vidare.

Då dei hadde gått eit stykke, møtte dei guten som stod og hamra og sveisa på nokre metallbitar.

«God dag!» sa Gunnar.

«God dag!» sa guten.

«Står du her og hamrar og sveisar metallbitar?» spurde Gunnar.

«Ja, det er jo ingen andre som hamrar og sveisar i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa guten.

«Kva heiter du då?» ville Gunnar vite.

«Eg heiter Audun,» svara guten.

«Kan du noko anna enn å hamre og sveise metallbitar?»

«Å, ja. Eg kan så mangt eg,» sa Audun.

«Då er det like greitt at du vert med meg til skulesjefen,» sa Gunnar, og så rusla dei vidare.

Då dei hadde gått eit stykke, møtte dei jenta som sat og sydde på eit tøyestykke.

«God dag!» sa Gunnar.

«God dag!» sa jenta.

«Sit du her og syr på eit tøyestykke?» spurde Gunnar.

«Ja, det er jo ingen andre som syr i denne bygda. Folk vil berre ha biletet sitt i avisa og arbeid på skulen,» sa jenta.

«Kva heiter du då?» ville Gunnar vite.

«Eg heiter Aslaug,» svara jenta.

«Kan du noko anna enn å sy tøyestykke?»

«Å, ja. Eg kan så mangt eg,» sa Aslaug.

«Då er det like greitt at du vert med meg til skulesjefen,» sa Gunnar, og så rusla dei vidare alle fire.

«Korleis vil du gjere bygda kjent?» spurde skulesjefen då Gunnar banka på døra.

«Eg vil få folk i bygda til å blåse den mest forunderlege musikk,» svara Gunnar.

«Sett i gang!» sa skulesjefen.

No fekk dei det travelt alle fire. Gunnar hasta rundt og samla folk frå dei mest bortgøymde stover, Gerd skreiv ned notane i alle melodiane ho hadde nynna, Audun sveisa og hamra metallbitane saman til trompetar og trombonar og Aslaug sydde alle tøyestykka saman til dei mest strålende uniformer.

Så var dei klare til å spele. Skulesjefen kom ut på trappa og framfor han stod bygdefolket med notar, instrument og uniformar. No kunne Gunnar gjere det han så ofte hadde gjort i omnskroken heime når han vifta vekk fluger og klegg: Han heva armene og slo rundt seg. Og dermed sette alle i å spele.

Dei bles og spela ein vidunderleg, vakker musikk. Skulesjefen vart berre ståande og undre seg. Avissskrivarar dukka opp frå fjern og nær, og før dei var ferdige med siste musikkstykket, var byda kjent i heile det store landet.

No kunne Gunnar få den belønninga som var utlova: Han fekk jobb på den nye skulen, og han fekk biletet sitt i avisa. Ikkje berre ein gong, men fleire gonger. Skulesjefen meinte hjelparane hadde gjort så god innsats at dei og fortjente arbeid på skulen. Og slik vart det. Dessutan fekk Gunnar og Audun kvar si prinsesse, men det er eit anna eventyr.

Og snipp, snapp, snute så er eventyret om Gunnar og dei gode hjelparane hans ute.



Foto av Hallstein Dvergsdal

Eit lite handtrykk med Vietnam

Tekst og foto av Einfrid Grindheim

Kva har Vietnam med Hong Kong å gjere? Eller kvifor vel eg å fortelje om mitt handtrykk med Vietnam, når det er i Hong Kong eg har budd og levd i over eitt år? Det er ikkje fordi det ikkje er noko å skrive om frå tida i den engelske kolonien.

Mange flotte menneske frå alle kantar av verda har kvilt sitt hovud i

våre gjestesenger, og Ascension House er til tider ei lita idealverd, der folk av ulik nasjonalitet, rase og religion lever fredeleg saman. Mykje kunne eg ha delt med dykk av alt eg fekk oppleve i Hong Kong, men det som sit igjen som det største minnet for meg, skjedde i Da Nang i Vietnam, juli 1994.

Turen til Vietnam har sin grunn. Saman med tre andre budde og arbeidde eg i Ascension House, eit gjestehus for ryggsekkтуриistar tilknytt Tao Fong Shan Christian Centre. Ein del av arbeidet var å gje ein dag i veka til sosialt arbeid. Dei to gutane i teamet hadde kvar sine oppgåver. Ein gjekk på fengselsbesøk, og ein jobba på ein barneheim for små spebarn. Karen og eg, jentene i teamet, drog til High Island Detention Centre, ein av fleire leirar for vietnamesiske flyktingar i Hong Kong. Der var vi tilknytt Redd Barna sitt arbeid i leiren. Vår oppgåve var å ta førskuleborn med ut av leiren eit par timar, for å la dei få komme i nærkontakt med gras, grus, sand, bølgeskulp, vind, insekt og dyr. Dei fleste borna er fødte i leiren. Dei har vakse opp med betong under føtene, høge murar med piggråd på og politivakter som ser til at ingen går der dei ikkje skal. For ein liten treåring å forlate denne «heimen» for første gong, er skremmande. Nifst er det å gå ut av hovudporten uten mor og far, og sjå t.d. bilar som kjem imot ein i stor fart. Då kjem tårene



Tre store «Amerikanske» damer iført avskjedsgåva, 3 nylakka solbattar. Frå venstre: Karen, Einfrid og Borgbild.

lett. Enklare er det ikkje å få føtene med seg og gå i høgt gras, når ein aldri har gjort det før.

Ein dag vi var på veg mot leikeområdet, alle 3 – 4 åringane gjekk i lang, lang rekke langs vegkanten, såg vi at nokre kyr stod og beita på plassen «vår». Desse svære, rare skapningane hadde borna ikkje sett før. Dei hylte og grein, og la på sprang tilbake til leiren. Då var det ikkje lett for meg og to andre vaksne å halde styr på 25

skrekkslagne born. Etter kort rådslåing mellom dei to vietnamesiske lærarane og meg på kroppsspråket, kom vi fram til at dei skulle stanse og samle opp dei flyktande borna, medan eg skulle få lov til å jage kyrne vekk. Så i trygg avstand frå desse brune skapningane, stod borna og lærarane og såg på at store, modige bataya (=utlending) Einfrid gjekk ned til kyrne og overtala dei til å gå og beite ein annan stad. Eg vart møtt med uførtent stor jubel frå borna då dei såg kyrne komme springande opp frå leikeplassen med ei skrikande og fektande bataya etter seg. Etterpå var det interessant å sjå og lukte på kukakene dei hadde lagt etter seg som visittkort.

Å få plaske og leike seg i vatn er det ikkje ofte dei får høve til. Sjølv om leikeområdet låg like ved eit oppdemma vatn, var det ikkje lov å gå ut i, då dette var privat eigendom. Men ein fin sommardag braut vi alt av lover og reglar. Tre menn i kanoar kom padlande mot oss, og borna sprang ned til vasskanten og såg storaugd på desse rare båtane. Mennene spurte om nokon av borna ville ha seg ein tur i kanoane, og borna trengde ikkje å la seg be to gonger. Dei var raske med å stige ut i vatnet, med kledda på, og stolte barneansikt og strålende auge var løn nok for oss vaksne. Etter kvart var nesten alle borna ute i vatnet og plaska og leika seg. Mr. Lanh, ansvarleg for leika-

ne, og inn- og utgåinga med borna, lurte først på om Karen og eg kom til å seie noko til våre overordna om dette. Og vi lurte på om han kom til å nemne noko...Vi kom fort fram til at dette skulle vere vår vesle løyndom.

Mr. Lanh er ein av grunnane til at vi drog til Vietnam. Han flykta frå Vietnam for over 7 år sidan, saman med to søner. Kone og fem andre born let han etter seg i Da Nang. Han forlet heimlandet sitt av politiske grunnar, og har budd i leiren vi jobba i i over 4 år. Vi fekk etter kvart god kontakt med Mr. Lanh, trass i at han hadde eit heller dårleg ordlager på engelsk. Sidan vi møttest så og seie kvar veke, fekk han fortalt oss mykje om heimlandet sitt. Men sjølv om han snakka varmt om Vietnam, om naturen, kulturen og ikkje minst familien sin, så er han fast bestemt på at han aldri skal tilbake til landet han flykta frå. Han vonar å få komme til USA der han har slektningar, og så få familien sin etter. To gonger har han fått avslag frå Immigration Office i Hong Kong om å få flyktningestatus, og han gjekk og venta på svar på tredje søknad då vi fekk bli kjende med han. Første og andre avslag på søknadene kallar vietnamesarane med sin galgenhumor for «first and second chickenwing». Første avslag er som å rive av ei vinge på kyllingen, og neste avslag er neste vinge. Så sit kyllingen der og kjem ingen veg. Kva dei kallar tredje avslag, veit eg ikkje, kanskje «first chickenleg»? Mr. Lanh har ikkje gitt opp all von, endå.

Våren 1994 vart ei ekstra turbulent tid for Mr. Lanh og dei andre flyktningane. I Geneve vart det vedteke at alle vietnamesarar utan opphaldsløyve skal ut av Hong Kong innan utgangen av 1995. Dei fleste vil bli sendt tilbake til Vietnam, berre eit fåtal vil få godkjent flyktningestatus. Denne avgjerda skapte uro i dei ulike leirane i Hong Kong. Det vart skipa til demonstrasjonar, arrangert sveltestreik mellom vietnamesarane, og i den største leiren i Hong Kong, Whitehead, med 19000 menneske, vart det slike opptøyer at politiet gjekk inn med tåregass for å stanse uroa. Uroa stansa, og altfor mange vart skadd under kaoset som oppstod, og av tåregassen, som det vart sprøyt ut mykje av. Mange vietnamesarar vert «kjøpte». Dei får nokre tusen Hong Kong dollar (1 HK\$=1 kr) for å reise tilbake til Vietnam frivillig. Den startkapitalen dei har med seg, går i Vietnam til å betale ymse bøter til styresmaktene. Dei kan få bot for å ha forlate landet, for å ha vanskjøtt eigedomen sin, for å ha halde borna borte frå skulen, etc. Så i røynda må dei starte mest frå grunnen av. For mange blir det å komme heim att eit nederlag. Dei sette liv og helse på spel ved å flykte frå Vietnam, for å prøve å gje seg sjølv og familien ein ny start i eit anna land. Og dei taper ansikt når dei så ikkje har lukkast med det. Slik tenkjer Mr. Lanh òg. Familien sit i Da Nang og ventar på at han skal få innreiseløyve til eit tredje land, slik at dei med tid og stunder kan få komme etter. I sju år har dei venta...

Mr. Lanh har aldri fått vore saman med barnebarna sine, og dei kjenner ikkje bestefaren sin. Av og til tok eg med fotoapparatet mitt til leiren for å forevige vennene mine. Så gav eg dei kopiar av bileta eg tok av



Ein av mine små vener i High Island Detention Centre.

dei. Mr. Lanh sende alle bileta han fekk til familien sin i Da Nang. Han ynskte at barnebarna skulle få sjå korleis bestefaren deira såg ut.

Då året i Ascension House nærma seg slutten, bestemte Karen og eg at vi ville til Vietnam nokre veker, før vi fekk norsk jord under føtene igjen. Begge hadde lyst til å vitje det landet vi hadde høyrte så mykje om gjennom våre vietnamesiske vener. Då vi fortalde Mr. Lanh at vi skulle vitje heimlandet hans, gav han oss adressa til familien sin, i tilfelle vi drog til Da Nang. Vi la opp reiseruta slik at vi drog innom Da Nang. Etter at USA oppheva handelsboikotten av Vietnam, og styresmaktene i landet har forstått at turisme gjev pengar i ei slunken statskasse, har det blitt rimeleg lett å få visum til Vietnam. Det var gjort på ti dagar.

15. juli 1994 stod så Karen, Borghild, ei veninne av Karen og eg klare til å dra og helse på Vietnam, etter å ha lagt eit flott år i Hong Kong bak oss. Først på programmet sto tre dagar i hovudstaden Ho Chi Minh City (Saigon). Der snuste vi på eit aktivt folke- og forretningsliv. Vi fekk bu hjå Thomas, ein nordmann som driv eit nytt, lite hotell, og er ein venn av Borghild. Han var ein flink guide, som tok oss med til stader som ikkje er øydelagde av gryande turisme. Han førte oss trygt gjennom trafikken i byen, som ville ha vore eit mareritt for norsk trafikpoliti. Scooteren er det store framkomstmiddelet i Vietnam. Fleire og fleire får råd til å kjøpe seg denne tohjulingen, men hjelm er eit framandord. Å sjå kun ein person på scooteren var særers sjeldsynt. Som regel var det både tre, fire og fem personar på ein sykkel. Rekorden vi såg,

var 1 mann og 5 små born tett saman på to hjul, i eit tilsynelatande regellaust trafikkbilete. Etter fine dagar i hovudstaden tok vi eit lokalfly til Da Nang, ei gamal Aeroflotmaskin som hadde sett betre dagar. Vel framme, tok vi inn på eit godt slite hotell, bygd under Vietnamkrigen for amerikanske soldatar. Vi åt ein rask og billeg middag, leigde oss tre cycloar (sykkeldrosjer) og drog for å finne familien til Mr. Lanh. Det var enklare sagt enn gjort. Vi fann rette gata, men den var nokre kilometer lang. Nummeret på huset hadde vi, men huset var som sokke i jorda. Vi fekk sjåførane til å sykle opp og ned langs gata, dei spurde og leita, og la ned eit stort arbeid i å finne dette huset for oss. Men etter eit par timar med leiting, var vi klare til å gje opp. Det byrja å bli seint, det var mørkt, og kanskje la familien til Mr. Lanh seg tidleg... Men nett då vi hadde bestemt oss for å dra tilbake til hotellet, kom sjåføren min springande ut frå ei sidegate med to, tre stykke etter seg. Han fortalde ivrig noko til sjåføren som kunne litt engelsk. Han hadde funne rett hus, meinte han, og hadde fortalt dei som budde der at tre store amerikanske damer ville besøke dei. Vi vart ført inn i eit fattigstrøk med smale vegar på kryss og tvers. Så stansa dei framfor eit lite, enkelt hus, og vi vart nesten dytta inn.

Stod vi no i huset til Mr. Lanh? Folka i huset såg på oss, og vi såg litt usikkert på dei. Ingen sa noko. Men så gjekk ho som måtte vere mora i huset bort til eit skap og fann fram ei bok. Inni boka hadde ho nokre bilete, og ho tok fram eit og syntte oss. Det var eit bilete av Mr. Lanh, som eg hadde teke. No var det ikkje tvil. Vi hadde funne familien til Mr. Lanh! Eg fann fram eit anna foto av han og syntte til kona, og då byrja ho å gråte. Ei av døtrene fann fram tre krakkar så vi fekk sitje ned, og gav oss sodavatn å drikke. Kona syntte oss fleire bilete av Mr. Lanh, gamle og nye, peika og forklarte på sitt eige språk, medan tårene trilla nedover kinna. Ho fann fram eit foto til som eg kjende att. Det var eit av dei første bileta eg tok av Mr. Lanh. Då eg gav han det, ville han at eg skulle skrive ei helsing bakpå til kona hans. No stod kona

og peika på denne helsinga, takka og gret. Det heile vart så sterkt at eg måtte ta til tårene, eg og. Så gret vi saman. Eit av borna fekk henta ein i nabolaget som snakka litt engelsk, og så kunne vi overlevere ferske helsingar frå Mr. Lanh til kona og resten av familien. Dei ville sjølv sagt vite alt om korleis Mr. Lanh og dei to sønene hadde det. Var dei friske etter sveltestreiken? Hadde dei det bra? Kvifor fekk dei ikkje godkjent søknadene om å få status som flyktningar? Kom alle til å bli tvangssende tilbake til Vietnam? Sju år med lengslar og ei lita von om ei trygg framtid, kor mykje lengre skulle dei måtte vente i uvissa? Så mange spørsmål som vi ikkje kunne gi noko svar på. Men dei var oppriktig glade for at vi hadde teke oss tid og råd til å vitje dei. Etter at det viktigaste hadde blitt sagt, og vi hadde fått helse på alle borna hans, svigerborn og seks nydelege barnebarn, tok Borghild fram fotoapparatet sitt og ville ta bilete av dei. Då forsvann den eine etter den andre av dei inn på eit anna rom og kom ut att i festkledda, fint pynta.

Vi hadde i tankane å la familien skrive brev til Mr. Lanh, der innhaldet ikkje blei sensurert av nokon før han fekk breva i hende. Dette sa vi til dei, og så avtalte vi å komme tilbake om morgonen, to dagar seinare. Då fekk dei litt tid til å tenkje på kva dei ville få sagt til Mr. Lanh gjennom brev.

Om morgonen, to dagar etter, vart vi ynskt varmt velkomne igjen. Og no var stemninga lettare. Dei syntes det var svært morosamt å høyre meg telje til ti på deira språk, og det eg elles kunne lire av meg på vietnamesisk. Dei fortalde til barnebarna at det var bestefar som hadde lært denne store, kvite batayaen å telje til ti... Denne gongen hadde vi med oss videokamera og fleire fotoapparat, og dei pynta seg igjen. Fotograferinga ville ingen ende ta, og naboane stod i døra og tykte dette var noko til oppstyr. Etter nokre fine timar saman med familien til Mr. Lanh, gjorde vi teikn til å gå. Men den engelsktalande naboen sa vi måtte vente litt. Og så kom ei av Mr. Lanh sine døtre tilbake. Ho hadde forsvunne ut ei stund før, og no kom ho med tre heilt nylaga og nylakka solhattar

som dei brukar i Vietnam. Det var deira avskjedsgåve til oss. Brev var skrivne, mange bilete og mykje film var teke. Smil, tårer og venskap var utveksla, og det å ta farvel var ikkje lett. «Maybe you come back next year?» sa tolken. Kven veit?



Frå venstre: Terje, Phion, Esther, Einfrid, Karen, Ian og Stella på Shanghai restaurant i Hong Kong.

Jølster 1 KFUK

*Intervju med Sigrun Vik Nilsen
av Ragnbild Vik Nilsen*



Spisebordet laga jentene sjølve av tømmerstokkar og tauverk.

KFUK er speidarorganisasjonen åt jentene og tilsva-
rar KFUM for gutane. Bokstavane står for Kristelig
Forening for Unge Kvinner. Båe organisasjonane vart
stifta i England. KFUK i 1910. I Noreg vart jentespei-
darane organiserte i 1920, men allereie før det fanst
det grupper av jentespeidarar.

KFUK-speidarane er inndelte i krinsar (til dømes
Sogn og Fjordane krins), grupper (t.d. Jølster I) og
patruljar (t.d. Delfinpatruljen).

Her i Jølster starta speidarane opp att hausten 1991,
etter å ha vore nedlagt nokre år. No er Sigrun Vik Nil-
sen gruppeleiar i Jølster I.

–Kor mange medlemmer bar Jølster 1?

–Eg vil tru at vi har vel tjue medlemmer for tida.

–Kva driv speidarane i Jølster med?

*–Etter at dei er tekne opp som speidarar, noko som
skjer etter eit halvt år som aspirantar, vel dei mellom
tre hovudemne: Friluftsgraden, Kløvergraden og
Praktisk grad.*

Friluftsgraden går stort sett ut på å vere ute på turar,

ha møte ute og lære meir om naturen. Kløvergraden omhandlar alle «typiske» speidaraktivitetar, til dømes knutar og leirbygging. Denne graden tek og føre seg speidarrørsla som organisasjon, nasjonalt og internasjonalt. Praktisk grad inneheld endå fleire «typiske» speidaraktivitetar enn kløvergraden. Her finn vi mellom anna matlaging, fyrstehjelp og korleis bruke verkty.

–Kva for vanskar byr det på å drive speidararbeid i Jølster?

–Det er vanskeleg å få fatt i nok vaksne leiarar. Elles går det stort sett greit.

–Kvifor driv du speidararbeid?

–Eg tykkjer det er viktig at barn og unge har eit kristent fritidstilbod. Dessutan er eg glad i friluftsliv.

–Det finst fleire speidarorganisasjonar i Noreg. Kva skil KFUK frå dei?

– KFUK legg meir vekt på det kristne innhaldet enn NSF (Norsk Speider Forbund). KFUM er organisasjonen berre for gutane, medan NSF er felles for både gutar og jenter.

–Speidar og 4H kan ofte synest likt. Kva er skilnaden?

–4H har ingen kristen formålsparagraf, slik som KFUK har. I KFUK har vi inga individuell oppgåve som kvart medlem arbeider med aleine, men varierte fellesoppgåver.

–Det stod å lese i Firda i sommar at Jølster I var på leir. Kva for ein leir var dette?

–Det var ein felles leir for KFUK og KFUM med deltakarar frå heile Noreg, men også nokre utanlandske gjester frå mellom anna Japan og Skottland.

–Kor mange deltakarar hadde denne leiren?

–Han hadde om lag 8000 deltakarar.

–Summer opp det viktigaste som hende på leiren.

–Skal eg nemne nokre stikkord må det bli:
Haik (overnatting under open himmel)
Verdsrekord (verdas lengste grillspyd)
Bibeltimar
Lage mat på grue
Valfrie aktivitetar (alt frå flåtebygging til roteloftsfysikk)
Bading i Noregs lengste elv.




Eit djupt hol i bakken verka som kjøleskap.



Barne- sida

For å løyse denne oppgåva må du enten vere godt kjend i Jølster-fjella – eller du må finne fram eit kart, då greier du det nok! Svaret finn du i dei utheva rutene – og det skal vere tittelen på ein kjend barnevinter-song! Lukke til!

Løysinga skal sendast til:
Edgar Holen,
6852 Klakegg
innan 31.12.
Premiering.



Finn fram til
namna på dei
oppmerka fjella.



Barnedikt

Av 3 klasse ved Skei skule 1993/94

FUGL

Eg høyrer ein fugl som syng så høgt og fint.
No ligg han og varmar egga sine.
Så ein dag bankar det på døra
og ungane vil ut
av egga sine og sjå
den blå himmelen
og mora si for første
gong i sitt liv.
Dei vil og ut å få mat.



Heidi

SOMMAR

Om sommaren kan vi
gå i shorts og bade.
Om sommaren kan vi
gå på støylen
og vere der nokre
dagar.



Anders Kristian

VÅR

No er våren komen og
trea får blad.
Snøen reiser og sola
kjem.



Thomas

LØVA

Det var ei løve som ikkje klarte å kome seg
inn i hola si fordi ho hadde blitt for tjukk.
Ho måtte finne seg ei anna hole,
men det var ikkje så lett.
Ho brukte seks dagar og
seks netter, men då fann
ho endeleg ei hole
som var stor nok.
Der levde ho
alle sine dagar.



Jan Roger

BLOMSTER

Det sit ein blomst i mørke,
det er masse skog.
Han sit og er så lei seg,
men så kjem lyset.
Blomsteren glitrar og skin og han
vil så gjerne bli plukka.
Så kom ei lita jente som såg blomsteren.
Ho tykte han var kjempeskin.
Ho plukka blomsteren og sette den
i ein vase då ho kom heim.



Gøril

MUSA SOM VILLE HA SEG EIT HUS

Det var ein gong ei mus som ikkje hadde hus.
Ho gjekk i skogen og leita etter eit hus.
Då møtte ho eit piggsvin.
Ho spurde piggsvinet om han visste om eit hus.
Han visste om eit hus attmed ei elv
som han hadde gått forbi for ein dag sidan.
Då sprang musa så fort ho kunne
til ho endeleg såg huset innunder ein trestubbe.
Der budde ho alle sine dagar.

Jon Eivind

SLOTTET

Det var eit grått slott
og inn i det slottet
nede i bøttekottet
var eit spøkelse
som skulle
ta ein søkelse
til spøkelse.



Jan Morten

VÅR

Våren er tida då skogen
sprett fram.
Fuglane kvitrar og snøen
forsvinn.




Linn Marie

VÅR

Snøen fer vekk og
våren kjem.
Blomen sprett fram
og fuglane kvitrar.


Kurt Are



VÅR

Traktorane susar og
bilane tutar.
Turistane campar og
kyrne beitar.
Bøndene kjempar mot
isbrann.


Jan Tore



17 MAI

17. mai då går vi i tog.
Vi viftar med flagg
og ropar hurra
for det er bursdagen
til landet vårt.

Svein Inge



EPLE

Epla er saftige og søte.
Epla er store og små.
Epla heng i tre og så dett dei ned.
Når dei er nede på bakken
blir dei tekne opp i kassar.
Så blir dei sendt inn til ein
som pressar dei til saft.

Veronica



SOMMAR

Sommaren er vakker.
Det første vi må gjere
vi som er bønder er å
slå.
Så må vi gylle og
gjødsle.
Så må vi vente ei tid
og i slutten av som-
maren
må vi slå igjen.
Før vi ete nons
reiser eg og pappa
ned og badar.

Terje



KATTEN

Katten vår er veldig rar.
Han klorar meg kvar einaste dag.
Han ligg i blomsterbedet vårt
og slest med naboen sin katterpus.
Han ete masse mat.
Han er livredd hundar
og kyrne våre.
Han leikar med mysene
før han et dei.
Han er redd at vi
reiser frå han.

Hilde Kristin



DYR

Eg likar ein harepus
og andre likar ei
dvergspissmus.
Men alle dyr er like
fine
det sa lille Josefine.

Øyvind



SOMMAR

Om sommaren er det gøy.
Då kan vi bade og fiske.
Kanskje skal vi ligge i telt
og bygge hytta vår.


Frode



HEST

Eg ynskjer meg ein
hest som er mørkebrun
og som eg kan ri på
når eg vil
og som eg bestemmer
over sjølv.
Den skal heite
Brunen.
Eg vil stelle han
kvar dag.
Eg vil gje han mat.

Renate



Jølstringane meiner

Tidleg i sommar sende vi ut desse spørsmåla til ein del jølstringar:

1. Kva er etter ditt syn det mest positive som har skjedd i Jølster etter 1.1.1993?
2. Bør Jølster arbeide for å få fleire turistar til bygda?
3. Er du for eller imot idrettar som utset utøvarane for fære, t.d. paragliding?
4. Kommuneøkonomien i Jølster er dårleg. Kva kan sparast?
5. Er Førde eller Sandane det mest aktuelle utanbygds senter for Jølster?

Her er svara vi fekk inn:

Ragnvald Smaadal:

1. Utbygging av Svidalsøyra og oppstart av M/B Jølst.
2. Eg synest Jølster har nok turistar slik det er i dag. Noko meir er ikkje nødvendig.
3. Alle idrettar kan utsetje utøvarane for større eller mindre skader, så eg er ikkje imot idretten av den grunn.
4. Ein bør kanskje spare litt over alt i staden for å kutte ned på nokre få område.
5. Førde er et mest aktuelle senter utanom Jølster.

Steinar Veiteberg:

1. Stardalenprosjektet med m.a. bygging av hyttegrend i Stardalen og produksjon av Jølstratrøya med tilbehør.
2. Ja, men det er alt gjort ein del for turistane i Jølster, med både kafear, overnattingsplassar, «severdigheter» o.l.
3. Eg meiner det må vere opp til kvar enkelt om dei vil drive med farefulle idrettar.
4. Dei har skore ned på mange ting før, men kanskje kan det vere færre tilsette i kommunen?
5. For midtre og nedre Jølster er vel Førde det mest aktuelle sentret. For indre Jølster er det Sandane.

Olaug Kvammen:

1. At vi fekk Rune Molvik som ny organist.
2. Tja. Fleire turistar bør jo bety fleire inntekter, men skal ein t.d. bygge veg til breen og slike ting så betyr det jo inngrep i naturen og slitasje der det kanskje burde vore urørt.
3. Folk må vel berre få lov å leike med livet sitt. Men det må bli bestemt at dei sjølve må betale for evt. redningsaksjonar. Det er ei skam at det offentlege betaler for slike aksjonar, når gamle og sjuke må betale sjølv for å få naudsynt hjelp.
4. Kultur må vi ha, men det er vel ikkje alt som har vore ytt til kultur som har vore like fornuftig. Kanskje det også kan sparast på administrasjon og byråkrati?
5. Førde.

Eivind Myklebust:

1. Den fortvila økonomien til kommunen har gjort at kvar einskild har blitt meir tiltakssam. Næringsfondet har vore til stor nytte.
2. Ja, berre føremuner. Kvar turist må vere ein dag lenger.
3. Det er opp til kvar einskild. Vi har truleg nok restriksjonar.
4. Det er no snakk om å planlegge for framtida. Det har vore spart nok, nø!
5. Sjølv sagt Førde. Sandane er kommunesenter for Gloppen. Skei må utbyggast offensivt. Diskusjonen om skysstasjonen var eit dårleg teikn. Moskog var også sentral ein gong!!!

Magne Skrede:

1. Vanskeleg å svare på, då det skjer ein del positive ting heile tida. Opninga av Eikåsgalleriet på Ålhus bør vel nemnast. For utviklinga i Jølster vil likevel opninga av Fjærlandsvegen i oktober vere det mest positive.
2. Ja, heilt klart. Fleire turistar betyr auka aktivitet, auka omsetnad, nye arbeidsplassar og er med på å sikre dei eksisterande arbeidsplassane.
3. I prinsippet må alle få drive med dei idrettane dei ynskjer.
4. Det er svært vanskeleg å spare noko slik at det monar, utan at dette ville gå drastisk ut over dei tenestene kommunen skal yte overfor dei som bur her. Ein må ha klart for seg at på mange område er det eit minimum av tenester kommunen tilbyr, då på grunn av dårleg økonomi.
5. Førde.

Anonym:

1. Eikåsgalleriet og Jølstratrøya, dessutan Fjærlandsvegen, kanskje, og så Fossheim kraftverk.
2. Svaret må vel bli ja, men vi kan godt ofre nokre tankar på at masseturisme også har negative sider.
3. Farlege idrettar fortener iallefall ikkje offentleg stønad.
4. Lite å spare på. Styringa i Jølster er ikkje verre enn andre stader.
5. Det er vel Førde, diverre.

Reidar Helgheim:

1. Opninga av den nye vegen til Sogndal.
2. Jølster er ei bygd som har mykje å by turistane, og vi må leggje tilhøva til rette slik at dei kan stogge her.
3. Eg er skeptisk til risikoidrett. Ulykker skuldast ofte at utøvarane er for lite øvd og har fått for lite opplæring.
4. Det einaste det kan sparast på er kommunen sine tilbod, med dei konsekvensane dette har.
5. Førde.

Ord og poteter

*Som barn plukka eg poteter.
Når vi venta på opptakaren
snudde vi byttene
og kvilde oss på dei.*

*Som vaksen plukka eg ord.
Når ein snur dei opp ned,
blir dei fine å sitje på.*

EH

MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE

Ålhus, 6840 Vassenden
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.
TEPPE ETTER MØNSTER AV
NIKOLAI ASTRUP

Stardalen Sommarkafè

– heimelaga og rimeleg mat –

Julemiddag 18. desember
Sundag 29. januar har vi heimelaga sauepølse

OPNINGSTID 12–21

Alle velkomne

Velkommen til

SKEI
SERVICENTER

Bensinstasjon
Veggrill
Hytteutleige (heilårs)
6850 Skei – Telefon 57 72 82 34



MålarSkrinet Galleri og Rammeverkstad

Bildekunstnar **Sylvia Steinagard**

Målar ditt portrett m.m. – på tinging!
Stort utval i målarsaker m.fagleg info.
«Veggsmykker» og andre smykker.
Syrefri og kreativ innramming!

Medlem i  **Rammebransjeforbundet i Norge**

Tlf./Fax: 57 72 74 58 – Svidalsneset – 6840 Vassenden i Jølster
Målar – Grafikar – Telknar – Rammemakar – Kurshaldar

JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

6850 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 85 20

Opningstider:

Mandag..... 10-15
Torsdag..... 15-19
Fredag..... 12-17

Hjarteleg
velkomen
til
handel
i julestova.



AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei tlf. 57 72 81 25 • Førde tlf. 57 82 00 84
Julehuset Bryggen – Bergen tlf. 55 31 69 70

Jølster Antenneservice

Årdal, 6850 Skei i Jølster • Tlf. 57 72 66 21

- ALT I LYD OG BILDE
- RIMELEGE PRISAR

Firma Gunnar Hylderås – Sandal

Assortert landhandel
Medisinutsal
Tipping – Kontaktn. V. S. Jølster
Telefon 57 72 66 56

- Nærbutikken som har det meste
- Fast lågpris på varer som er aktuelle for dei fleste
- Opningstider: mandag-fredag 9–17
 laurdag 9–14

Velkomen til handel på
Vassenden S-Marked!

S-MARKED VASSENDEN

Tlf. 57 72 72 00



Ope:	man.–fredag:	11.00–20.00
	laurdag:	10.00–17.00
	sundag:	13.00–18.00
	julafta	09.00–13.00

9. desember opnar vi
– Julebutikken –
i år både på Ålhus og Skei

- Her finn du:
- juledekorasjonar
 - juleblomster
 - gravkransar
 - orkidèar frå eige gartneri
 - juletre (på Ålhus)
 - Vi bringar blomehelsingane dine til døra



**Nær
Butikken**
ÅLHUS A/S • 57 72 68 88



KRAMBUA

SIGURD KLAKEG

6850 Skei

tlf. 57 72 81 22

Omtrekking av møblar?

Kontakt
Jølster Møbel- og interiørservice

Telefon 57 72 66 12



ONDE'BRØYLSLE

av skikkeleg tørr kvalitet, ikkje noke allminneleg sageresp,
er det vi lagar på vårt anlegg på Ålhus
Har du smause på, ta kontakt med:

Jølster  **flis**

Telefon: 57 72 67 12 (Roar) • 57 72 66 18 (Rune)



årdalsbakke
ELEKTRO AS

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON

6850 Skei • Tlf. 57 72 81 35/57 72 84 15 • Mobil 91 50 32 27

FAX 57 72 85 95

Jostein Sunde

**Autorisert
maskinentreprenør**

6850 SKEI



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmelegg med ved, flis og olje
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderoms møblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE

6850 SKEI I JØLSTER

TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 94 50 31 27

*Såvarer
Kraftfor
Kunstgjødsel
Landbruksmaskiner
Verkstad*



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Bergen tlf. 55 32 55 00

Skei i Jølster tlf. 57 72 82 02 • Etne tlf. 66 544

5800 Sogndal tlf. 55 67 19 05 • 6900 Florø tlf. 57 74 14 11



COMBINO

Aut. Våpenforhandler.
Sauer service stasjon. Mekanisk verksted.

HELGHEIM
6850 SKEI I JØLSTER

Tlf./Fax. 57 72 85 75

ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 11

UR – OPTIK – GULL – SØLV
MUSIKK – FOTO – VIDEO



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 – Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77

Avd. 002 – Stardalen – telefon 57 72 89 29

Avd. 003 – Årdal – telefon 57 72 66 44



N-6850 Skei i Jølster
Telefon 57 72 81 01 – Telefax 57 72 84 23

MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE

Vår tradisjonsrike familieverksemnd følgjer med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 140 senger fordelt på 75 gode rom med bad/dusj/WC/tlf. Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsyning/folke-musikk kvar veke i sommarsesongen. Fleire både større og mindre, godt utstyrte møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetsrom, badstu, boble-bad og solarium. Ny symjehall med sommartemperatur heile året. Har montert teleslynge for høyrselshemma i alle avdelingar, resepsjon, matsal, salong og matsal.

Stort utandørs parkareal og tennisbane. Praktfullt turter-reng, ørretfiske, båtar, sykklar, hestar og breflyging. Godt utgangspunkt for ein rekkje turar med bil eller buss.

Sommarsesong mai-september. Elles oppe heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ønskjer velkommen til eit hyggeleg opphald
FAMILIEN SKREDE



Godt utvalg i
brød og kaker

LEFI BAKERIDRIFT AS
SOGNDALSKAKERIET AS
LEFI BAKST AS



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 52

Fax 57 72 74 00

Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,
både hus og møblar.

Visst det ikkje er ubotelæ.

Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.

Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER – TELEFON 57 72 74 15

SPAREBANKEN

HJELPER DEG



Treng du lån?

Då skal du kontakte
Sparebanken Sogn og Fjordane.
Du kan låne til hus, bil, båt,
hytte eller kva du treng pengar til.
Våre rådgjevarar hjelper deg
med å finne eit lån du kan leve med.

PERSONLEG ØKONOMI



SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane

REKLAMERÅDET AS

JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER

Jølstraholmen Senter A/S

– ditt lokale kjøpesenter i nærmiljøet,
som stadig blir større, – for å gje DEG
eit betre tilbud.

STATOIL – SPAR

Telefon: 57 72 71 35 • Telefax: 57 72 75 05



Eikås Frisør

v/EVA ÅRSET • TELEFON 57 72 75 88

Opningstider etter behov, Mandag stengt.
AUT. HÅROLOG

ENTREPRENØR

Ivar A. Sunde



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

Utfører alt innan tre og betong

RØRLEGGER Kenneth Dale

6840 Vassenden

Tek alt i vedlikehald
Anbod på nybygg
Gassanlegg til storkjøkken og bakeri
Døgnservice



Ring!
(Mobil)
94 50 49 38
(Etter kl 17.00):
57 72 71 97



*Jølster kommune
ynskjer alle som bur i
bygda ei god jul og
eit godt nytt år !*

*Knut O. Oygard
– ordførar –*



Foto av Hallstein Dvergsdal

Kr. 40,-

EKO-Trykk A.s – Førde